

**Vellukka kombinasjon av tur og kafebesøk**

02.11.2010

**Kombinasjonen på tysdagar av ein times tur fyrst og besøk på TI-aren Cafe i Gamleskulen etterpå kan bli svært vellukka.**

I dag var turen, som går ihelselaget sin regi,

kunngjort på førehand for fyrste gong og det stilte 9 til "start".

Turen går over Dønhaug og rundt Neset og tek ein times tid med rolig tempo.

Etter runden smakar det ekstra godt med melkekaker, vaflar eller noko anna godt!

Turen startar klokka 11.

Kafebesøket i dag var også bra – det møtte 33 vaksne og 2barn.